

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 24.04.2008 **Tid:** 12.00 – 13.50

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5, inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:
Marion Langhelle Pedersen

I staden møtte:
Jon Magne Bogevik

Andre som var tilstade på møtet:

Adm.sjef

Ass. Adm.sjef og leiar av teknisk eining møtte under skriv og meldingar.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 25. april 2008

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Det kom merknad til protokollen for sak 21/08. Framlegget frå Jon Magne Bøgevik i denne saka var ikkje protokollert. Dette framlegget vart samrøystes vedteke. Protokollen vart vedteke med at dette vert retta opp.

UTVALET SITT KVARTER:

Bright Olav Gåsdal ba om at det vart sjekka om innbyggjarane i Samnanger får ulik uadressert post. Området frå Barmen og utover sorterar under Fusa, og det kan sjå ut som om dei får uadressert post som for Fusa. Administrasjonen har tidlegare vore i kontakt med posten i saka, men me må få endeleg stadfesta at alle innbyggjarane i kommunen får den same informasjonen.

Jon Magne Bøgevik viste til at det i annonsering/kunngjeringar (gravferd/bryllaup) vert nytta ulike namn på kyrkja på Ådland. Ordføraren tek dette vidare til kyrkja som vert beden om å senda ut informasjon m.a. til aktuelle gravferdbyrå om at rett namn på kyrkja er Samnanger kyrkje.

SKRIV OG MELDINGAR:

Det vart presentert ein del problemstillingar i høve til Ytre Tysse. Det vart særleg sett fokus på parkeringsbehovet. Det var semje i utvalet om me ikkje skal gå vidare med eit parkeringsanlegg under Tusenårsparken, men at ein heller ser nærare på eit området ved Smådalselva. Det var og semje om at dersom det vert ei omfattande bustadutbygging i lia "under ungdomsskulen", må ulike alternative vegløyser undersøkjast for ikkje å få for mykje trafikk gjennom tusenårsparken.

Spørsmål om nullkonsesjon evt. andre føringar på bruk av bygningane i miljøgata vart og drøfta utan at det vart trekt konklusjon. Spørsmålet må avklarast gjennom eige sak.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0030/08	06/00104 2. UTBYGGING AV BREIBAND I SAMNANGER. -HØYSETER OG INNERST I TRENGEREIDFJORDEN
0031/08	08/00146 MILJØFYRTÅRN SAMARBEID MED OS OG FUSA
0032/08	08/00150 TILSKOT TIL IDRETT OG FYSISK AKTIVITET.

0030/08

2. UTBYGGING AV BREIBAND I SAMNANGER. -HØYSETER OG INNERST I TRENGEREIDFJORDEN

Handsaming i møte:

Ordføraren sette fram slikt framlegg til vedtak:

- Samnanger kommune går inn med inntil kr 100.000,- for å få byggja ut breiband på område i kommunen som ikkje har breibanddekking. Pengane vert å ta frå næringsfondet.
- Det vert sett ned ei arbeidsgruppe til å jobba vidare med kartlegging , planlegging og kostnader av moglege breiband- og mobilløysingar til dei ulike grendene som er omtala i saka, og som enno ikkje har tilfredsstillande løysingar.
- Samnanger skal verta e-kommune, og målet er at Samnanger skal kunna samhandle med innbyggjarane digitalt innan 2009.

Arbeidsgruppa skal bestå av følgjande:

2 interesserte politikarar: Trude Løvskar og Inge Aasgaard
varamedlemmer:

2 frå administrasjonen (It-konsulenten og ansvarleg for heimesida – personalsjef)

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

- Samnanger kommune går inn med inntil kr 100.000,- for å få byggja ut breiband på område i kommunen som ikkje har breibanddekking. Pengane vert å ta frå næringsfondet.
- Det vert sett ned ei arbeidsgruppe til å jobba vidare med kartlegging , planlegging og kostnader av moglege breiband- og mobilløysingar til dei ulike grendene som er omtala i saka, og som enno ikkje har tilfredsstillande løysingar.
- Samnanger skal verta e-kommune, og målet er at Samnanger skal kunna samhandle med innbyggjarane digitalt innan 2009.

Arbeidsgruppa skal bestå av følgjande:

2 interesserte politikarar: Trude Løvskar og Inge Aasgaard
varamedlemmer:

2 frå administrasjonen (It-konsulenten og ansvarleg for heimesida – personalsjef.)

0031/08

**MILJØFYRTÅRN
SAMARBEID MED OS OG FUSA**

Framlegg til vedtak::

1. Samnanger kommune tar initiativ til eit samarbeid med Os og Fusa kommunar for å få etablert sertifiseringsordninga Miljøfyrtårn. Det vert kjøpt inn ein regionlisens til kr. 720 saman med desse kommunane.
2. Samnanger kommune startar opp arbeidet med Miljøfyrtårnsertifisering av barnehagar, skular og relevante kommunale einingar i kommunen.
3. Samnanger kommune tilbyr Miljøfyrtårnsertifisering til relevante private bedrifter i kommunen
4. Ordninga organiserast/driftast i kommunen ved Teknisk eining
5. Ordninga innførast i gebyrregulativet. Bedriftene betaler ved 1.gangs sertifisering etter nærare fastsett sats. Gebyret dekker innleigd sertifisør og diplom samt del av kommunelisens og kommunalt arbeid.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart vedteke mot 1 røyst.

Vedtak:

1. Samnanger kommune tar initiativ til eit samarbeid med Os og Fusa kommunar for å få etablert sertifiseringsordninga Miljøfyrtårn. Det vert kjøpt inn ein regionlisens til kr. 720 saman med desse kommunane.
2. Samnanger kommune startar opp arbeidet med Miljøfyrtårnsertifisering av barnehagar, skular og relevante kommunale einingar i kommunen.
3. Samnanger kommune tilbyr Miljøfyrtårnsertifisering til relevante private bedrifter i kommunen
4. Ordninga organiserast/driftast i kommunen ved Teknisk eining
5. Ordninga innførast i gebyrregulativet. Bedriftene betaler ved 1.gangs sertifisering etter nærare fastsett sats. Gebyret dekker innleigd sertifisør og diplom samt del av kommunelisens og kommunalt arbeid.

0032/08

TILSKOT TIL IDRETT OG FYSISK AKTIVITET.

Framlegg til vedtak::

Udisponerte spelemidlar vert avsett på eit eige disposisjonsfond kalla Fond til fysisk aktivisering av barn og unge.

Administrasjonen utarbeider retningslinjer for fondet der det også vert teke omsyn til framtidig vedlikehald av ballbingane

Handsaming i møte:

Jon Magne Bogevik sette fram slikt framlegg til vedtak:

Udisponerte spelemidlar vert avsett til eige disposisjonsfond kalla ”Fond til vedlikehold av ballbingen”.

Det vart røysta alternativ over framlegget frå Bogevik og framlegg til vedtak. Ein røysta for framlegget frå Bogevik og 4 for det utsendte framlegget til vedtaket.

Vedtak:

Udisponerte spelemidlar vert avsett på eit eige disposisjonsfond kalla Fond til fysisk aktivisering av barn og unge.

Administrasjonen utarbeider retningslinjer for fondet der det også vert teke omsyn til framtidig vedlikehald av ballbingane